

**Ekstern vurdering  
skuleåret 2025-2026  
Ølen skule  
Vindafjord kommune**



## Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Lars Terje Sandvik, rektor Sauda ungdomsskule

Anny V. Rustad, avdelingsleiar Sauda ungdomsskule

Anita Swahn, PPT Vindafjord kommune


Jannicke Hatlen, rådgjevar oppvekst Sauda kommune

---



# Utviklingsområde:

# Vaksenrolla



# Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiing.
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
  - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
  - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
  - Føringar i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket



## FRAMTIDSBILETE

Vaksne ved Ølen skule er autoritative som meistrar god klasseleiing



# KRITERIER



- **Elevane** opplever trygge relasjonar, tydelege forventingar, medverknad samt fagleg og sosial støtte med høge forventningar.
- **Tilsette** skaper trygge relasjonar, fremjar meistring og er tydelege vaksne som følgjer felles struktur.
- **Føresette** opplever respekt, tydelege forventingar og godt samarbeid om eleven si utvikling.
- Det **profesjonelle læringsfellesskapet** har felles verdier og rammer, ein felles praksis for ei autoritativ vaksenrolle og ein kultur for meistring, fellesskap, utvikling og forventingar.

# Metodar som er nytta

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar med:
  - elevar
  - føresette
  - tilsette
  - leiinga
- Observasjon i ulike situasjonar inne og ute i ulike fag


# Klasse-Reglar

9A

1. Ikkje Mobba
2. Vis Respekt, Få Respekt
3. Tolerera at folk har ulike meiningar
4. La andre sine ting vær i fred
5. Mobil fritt

# Utval

- Observasjon i alle 7 klassane på ungdomstrinnet, i dei fleste fag, inne og ute
- Intervju i grupper med elevar fra 8., 9. og 10. trinn
- Uformelle samtalar med elevar frå ulike klassar/trinn
- Intervju med 3 fagarbeidarar
- Intervju med 6 lærarar frå ungdomstrinn
- Intervju med 6 føresette frå FAU
- Daglege samtalar med rektor
- Uformelle samtaler med personalet



## Kriterium 1

**Elevane** opplever trygge relasjonar, tydelege forventingar, medverknad samt fagleg og sosial støtte med høge forventningar.

### Me har sett/opplevd/høyrte at:


- Elevar som opplever at læraren viser stor interesse for kven dei er som personar
- Elevar som seier at dei opplever å bli godt likt, sett, høyrde og tekne på alvor
- Elevar som opplever at dei tilsette møter dei med venleik og respekt, også når reglar må handhevast
- Elevar som veit kva som blir forventa av dei
- Plakatar med reglar i dei fleste klasserom
- Elevar som seier at tilsette forklarar kvifor reglar finst, og lyttar til synspunkta deira
- Elevar som opplever at tilsette trur på evnene deira og motiverer dei til å yte sitt beste
- Elevar får vere med og påverke eiga læring og skulekvardag innan trygge rammer



## Kriterium 2

**Tilsette** skaper trygge relasjonar, fremjar meistring og er tydelege vaksne som følgjer felles struktur

- **Me har sett/opplevd/høyrte at:**
- Tilsette som møter elevane med respekt og varme
- Tilsette som viser engasjement og gir konstruktive tilbakemeldingar som fremjar læring
- Tilsette som oppmuntrar elevar til å delta, stille spørsmål og utvikle seg
- Tilsette som arbeider for ein inkluderande skulekultur der alle elevar opplever å ha verdi
- Skulen har reglar og rutinar
- Tilsette som opptrer roleg og føreseieleg i møte med uro eller konflikter
- Tilsette som kombinerer tydeleg leiing med god kommunikasjon med elevane



## Tilbakemeldingar me har fått:

- **Føresette** opplever at vaksne på skulen ser, høyrer og tek barna deira på alvor
- **Føresette** som seier at barna trivst
- **Føresette** som seier at barna vil på skulen
- **Føresette** opplever at skulen har reglar og grenser
- **Føresette** som seier at skulen vektlegg både fagleg og sosial utvikling

## Kriterium 3

**Føresette** opplever respekt, tydelege forventingar og godt samarbeid om eleven si utvikling



## Kriterium 4

Det **profesjonelle læringsfellesskapet** har felles verdier og rammer, ein felles praksis for ei autoritativ vaksenrolle og ein kultur for meistring, fellesskap, utvikling og forventingar.

- **Me har sett/oplevd/høyr:**
- Alle tilsette deler ei felles plattform for korleis møte elevar – med varme, venleik og omsorg
- Verdiane er kommuniserte
- Tilsette som seier at det er refleksjon og kompetanseutvikling rundt relasjonskompetanse og klasseleiing
- Tilsette som løfter fram både fagleg og sosial utvikling som viktige mål





## **RÅD**

**Kriterie 1: Elevane** opplever trygge relasjonar, tydelege forventningar, medverknad samt fagleg og sosial støtte med høge forventningar.

### **SKULEN BØR:**

**Reflektere over felles forståing av autoritativ klasseleiing, med spesielt fokus på krav og forventningar**

**Reflektera over moglege konsekvensar for læringsmiljøet**

**Reflektera over skulen sin praksis med anmerkingar/ merknader.**

**Grunngjeving:** Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale med elevar, føresette og tilsette samt gjennom observasjon at dei tilsette er svært gode på å gje elevane omsorg og varme, men at det bør vera tydelegare krav og forventningar for å oppfylle den autorative vaksenrolla. Manglande krav og forventningar kan føre til at den vaksne blir for ettergivande jmf. modellen til Baumrind (Baumrind 2013)

## RÅD Kriterie 2


Tilsette skaper trygge relasjonar, fremjar meistring og er tydelege vaksne som følgjer felles struktur.

### SKULEN BØR:

Reflektera over korleis ein kan vidareutvikle ein kollektiv praksis kring autorativ klasseleiing

### Det kan handle om å:

- Sikre at alle er lojale til det som er bestemt
- Sikre felles praksis
- Øve på felles praksis
- Kollegarettleiing



**Grunngjeving:** Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtale med tilsette at det er uklart kva for strategiar som skal nyttast og kven som gjer kva.

Vurderingsgsteamet tilrår at det vert satt fokus på felles ansvar og tydeleg vaksenrolle i grensesetjande situasjonar.



## RÅD

### Kriterium 3

**Føresette** opplever respekt, tydelege forventingar og godt samarbeid om eleven si utvikling.

### SKULEN BØR:

**Ta initiativ til samarbeid med dei føresette om korleis dei i større grad kan vere ressurs i arbeidet med skulemiljøet**

### Dette kan handle om:

- Sikre at heimane er medspelarar
- Få på plass gode tydelege rutinar for samarbeid
- Sikre felles forståing av rutinar, reglar og rammer
- Skulen søkjer samarbeid når utfordringer oppstår

**Grunngjeving:** Vurderingsteamet opplevde gjennom samtalar med føresette at elevane i stor grad trivst. Vurderingsteamet har møtt føresette som opplever at informasjonsflyt og samarbeid mellom heim og skule er noko uklar, at det er manglande samsvar mellom informasjon som er gitt og gjeldande praksis i klassane. Det kjem fram ei oppleving om at ikkje heile laget har felles praksis innanfor autorativ klasseleiing.

Skulen bør sikre god medverknad i tråd med opplæringslova § 10-4.

## **RÅD**

### **Kriterium 4**

Det **profesjonelle læringsfellesskapet** har felles verdier og rammer, ein felles praksis for ei autoritativ vaksenrolle og ein kultur for meistring, fellesskap, utvikling og forventingar.


### **SKULEN BØR:**

- Skulen bør halde fram med å reflektere over det profesjonelle læringsfellesskapet ved å setje utviklinga av felles praksis i system.
- Skulen bør òg vidareutvikle og halde ved lag ei felles forståing av den autoritative vaksenrolla, og korleis denne skal kome til uttrykk i skulekvardagen.
- Alle tilsette tek ansvar og bidreg aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet.

Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon og i samtalar med dei tilsette at Ølen skule bør vidareutvikle praksisen sin knytt til autoritativ klasseleiing. Dette er nødvendig for å sikre eit godt læringsmiljø for alle elevar, i tråd med LK20, opplæringslova og skulen sitt eige framtidsbilete.

### **Døme:**

- Felles system for å handtere elevåtferd og støtte læringsmiljøet
- Arbeide heilskapleg på både individ-, klasse- og organisasjonsnivå



## Prosessen vidare

- Rektor, barnehage- og skulefagleg rådgjevar og skulekontakt i PPT har eit møte innan slutten av januar 2026 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe kollektivt for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar og PPT skal støtte skulen i utviklingsarbeidet.